



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Barnehagelæraren sitt arbeid med barns seksualitet i barnehagen

The kindergarten teacher's work with childrens sexuality in the kindergarten

Kandidatnummer 458 & 433

BACH301

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Rettleiar: Birgitte Ivarhus Sollesnes

Innleveringsdato: 25.05.2022

Tal på ord: 14 289

**Abstract**

According to Margrete Wiede Aasland (2021) and Hanne Emilie Skarpsno (2021) all humans are born with a sexuality and they say that it must be treated equally as other aspects of our lives. In this very research project, we have explored how the kindergarten teacher works with communication due to children's sexuality including the kids, the personnel and the children's parents. Our main categories in this study are children's sexuality, life skills, communication and attitude. Based on this, we created a research question which sounds like this; *“How does the kindergarten teacher work with communication surrounding children's sexuality?”*

To answer this, we have used a qualitative research method where we interview two kindergarten teachers and a representative from the organization Stine Sofie Stiftelsen. The results of these interviews have been presented and discussed using relevant theory. Our main findings are that it seems as the main focus is on the prevention part of the theme, rather than giving the children healthy knowledge about their sexual development. We found that this may occur due to the lack of knowledge that the sexual development is just as important as cognitive and physical development. We also found that being open and honest with children and using realistic terms is essential when it comes to this very topic. In addition to that we found that our attitude towards children`s sexuality largely affects how it is worked with in the kindergarten.

## Innholdsliste

<b>Abstract</b> .....	<b>1</b>
<b>1.0 Innleiing</b> .....	<b>4</b>
1.1 Bakgrunn for val av tema og tidlegare forskning .....	4
1.2 Problemstilling .....	5
1.3 Avgrensing og sentrale omgrep.....	5
1.4 Oppgåva si oppbygging.....	6
<b>2.0 Teorikapittel</b> .....	<b>7</b>
2.1 Barns seksualitet .....	7
2.2 Livsmeistring .....	10
2.3 Kommunikasjon.....	10
2.3.1 Kommunikasjon mellom tilsette.....	12
2.4 Haldningar i personalet .....	12
2.4.1 Element rundt haldning .....	12
2.4.2 Haldningsomgrepets komponentar.....	13
2.4.3 Utvikle haldningar.....	13
Oppsummering .....	14
<b>3.0 Metode</b> .....	<b>15</b>
3.1 Val av metode .....	15
3.2 Det kvalitative forskingsintervju.....	16
3.3 Utforming av intervjuguide .....	17
3.4 Val av informantar .....	17
3.5 Gjennomføring av intervju .....	18
3.6 Transkripsjon .....	19
3.7 Metodekritikk.....	20
3.8 Etske retningslinjer .....	21
Oppsummering .....	22
<b>4.0 Presentasjon av empiri</b> .....	<b>23</b>
4.1 Barns seksualitet og livsmeistring .....	23
4.2 Korleis har barnehagelærarane aktivt arbeida med dette temaet? .....	25

4.3 Kommunikasjon .....	25
4.3.1 Med barna .....	25
4.3.2 Med foreldre .....	27
4.3.3 Med kollega .....	28
4.4 Haldningar .....	29
4.5 Førebbygging .....	30
Oppsummering .....	31
<b>5.0 Drøfting .....</b>	<b>32</b>
5.1 Barns seksualitet og livsmeistring .....	32
5.2 Kommunikasjon .....	35
5.3 Haldningar .....	37
5.4 Fokus på tema barn seksualitet i barnehagen .....	39
Oppsummering .....	41
<b>6.0 Avslutning .....</b>	<b>42</b>
<b>Litteraturliste .....</b>	<b>44</b>
<b>Vedlegg 1 .....</b>	<b>46</b>
<b>Vedlegg 2 .....</b>	<b>48</b>
<b>Vedlegg 3 .....</b>	<b>51</b>
<b>Vedlegg 4 .....</b>	<b>53</b>

## 1.0 Innleiing

I vår utdanning til å bli barnehagelærarar har vi gjennom praksis og arbeid fått eit inntrykk av at temaet barns seksualitet ikkje blir belyst nok i barnehagen. Vår oppfatning er at dei tilsette i barnehagen opplev temaet som tabu og ubehageleg, samt er usikre på korleis dei skal møte barns seksuelle uttrykk. Vi har valt nettopp dette temaet fordi vi ønskjer å tileigne oss meir kunnskap om korleis vi som barnehagelærarar kan bli flinkare i vårt arbeid med barns seksualitet og korleis vi kan formidle slik kunnskap på best mogeleg måte til barn i barnehagen. Vi er nysgjerrige på å finne ut om dersom barn frå tidleg alder blir møtt av kompetente vaksne i barnehagen som er opne og ærlige rundt temaet barns seksualitet, kan bidra til at barn veks opp tryggare på seg sjølv og eigen kropp, samt utviklar ei sunn tilnærming til sin eigen seksualitet.

## 1.1 Bakgrunn for val av tema og tidlegare forskning

Alle barn er født med ein seksualitet. Men når startar eigentleg seksualiteten? Aasland seier at seksualiteten er i oss allereie sia unnfanginga og at i likheit med identiteten utviklast seksualiteten i samspel med dei personane vi har rundt oss (Aasland, 2021, s. 13). Det vert derfor sentralt at vi barnehagelærarar har kunnskap om korleis vi kan arbeide med dette tema i barnehagen, kva omgrep vi nyttar i møte med barn om eit slikt tema og ikkje minst korleis vi som personale arbeidar saman. I arbeid med barns seksualitet i barnehagen er det viktig å tenkje på korleis vi kommuniserer rundt tema og at vi er klare over betydinga av å belyse eit slikt tema.

I Helse og Omsorgsdepartementets (2017-2022. s.3) strategiplan for seksuell helse *Snakk om det!*, seier tidlegare helseminister Bent Høie dette om seksualiteten; “vi snakker fortsatt for lite og for sjelden om at seksualitet er en fantastisk kraft som kan gi god helse og høy livskvalitet”. I følgje Aasland (2021, s. 90) treng vi også meir kunnskap om temaet då det fins mykje usikkerheit og tausheit om emne barns seksualitet. Med utgangspunkt i dette kan ein derfor hevde at det er svært aktuelt å forske på korleis barnehagen arbeidar med temaet barns seksualitet.

I dette forskingsprosjektet vil tema barns seksualitet med fokus på korleis barnehagelæraren arbeidar med kommunikasjon rundt dette temaet i barnehagen verte belyst og drøfta. I

rammeplanen for barnehagen står det at “Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir medviten på sine egne og andre sine grenser” (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.49). Å bli kjent med egen kropp og egne og andre sine grenser står sentralt i vår seksualitet, og er noko som dannar grunnlaget for vidare læring og utforsking av eins eigen seksualitet. Skarpsno (2021, s.61) seier at barns seksualitet må settast på dagsorden i barnehagen. Det å ha open kommunikasjon rundt tema allereie frå barnehagealder kan slik sett sjåast på som verdifullt.

I arbeid med dette forskingsprosjektet ønska vi å skrive om noko som både er viktig og nødvendig og som vi meina kan bidra til å heve kompetansen i barnehagefeltet.

## **1.2 Problemstilling**

Problemstillinga vår blei utarbeida ut i frå eit ønske om å få meir kunnskap om korleis barnehagelæraren faktisk arbeida med tema barns seksualitet i praksis, og korleis dei kommunisera dette både med barn og personale rundt eit slikt angiveleg tabubelagt tema.

På bakgrunn av dette har vi utarbeida ein problemstilling som lyder slik:

“Korleis arbeidar barnehagelæraren med kommunikasjon rundt tema barns seksualitet?”

For å besvare vår problemstilling har vi valt ein kvalitativ metode. Den kvalitative metoden handlar om å fange opp og tolke menneskelige meiningar og opplevingar. Denne informasjonen kan ikkje talfestast eller målas, men hentas gjennom observasjon og intervju (Dalland, 2021, s.54). Derfor har vi valt eit kvalitativt forskingsintervju som metode for å få tak i informantane sine opplevingar og meiningar rundt temaet. I den samanheng har vi valt ut tre ulike informantar, ein pedagogisk leiar, ein barnehagelærer og ein person frå Stine Sofie Stiftelsen.

## **1.3 Avgrensing og sentrale omgrep**

Barns kropp og seksualitet er store tema. I vår bachelor vil vi derfor rette fokus på omgrep og aspektar ved temaet som vi syns er mest relevant. Våre kjerneomgrep er barns seksualitet, livsmeistring, kommunikasjon og haldningar. Vi skal ved hjelp av våre informantar forsøke å finne ut av kva som er bra ved å snakke med barn om temaet og kva effekt det eventuelt gir. I

dette forskingsprosjektet vil vi forske på korleis dei vaksne sine haldningar rundt tema påverkar barn og om det å snakke med barn om seksualitet kan vere med å bidra til at barnehagen dannar barn som er tryggare på seg sjølv, eigne og andre sine grenser, identitet, kjensler og kropp.

I søket etter faglitteratur rundt barns seksualitet nytta vi oss av Oria og google scholar, og brukte søkjeord som; barns seksualitet, livsmeistring, kommunikasjon og haldningar som er dette forskingsprosjektet sine sentrale omgrep.

Gjennom søket fant vi to relevante bøker innan temaet barns seksualitet skrivne av Aasland (2021) og Skarpsno (2021), som vil vere hovudkjelder i dette forskingsprosjektet. I tillegg vil det bli supplert med anna relevant teori innan dei ulike omgrepa.

#### **1.4 Oppgåva si oppbygging**

I dette kapittelet har vi grunngjeve val av tema, presentert tidlegare forskning og problemstilling samt lagt fram kva dette forskingsprosjektet går ut på og kva vi ynskjer å finne ut av. I teorikapittelet vil vi presentere og utdjupe teori innanfor dei fire hovudkategoriane; barns seksualitet, livsmestring, kommunikasjon og haldningar. I metodekapittelet vil det bli presentert kva for ein metode som har blitt valt for innhenting av datamaterial. I kapittel fire vil vi presentere våre funn ut i frå datainnsamlingane vi har gjort oss i form av intervju. Dette vil i kapittel fem verte drøfta opp mot teori som har blitt presentert i kapittel to. Avslutningsvis vil vi oppsummere oppgåva og svare på problemstillinga.

## 2.0 Teorikapittel

I denne delen av forskingsprosjektet vil vi gjere greie for tidlegare forskning som er relevant for vår problemstilling. Vår teoridel vil bli delt inn i fire hovudkategoriar der vi skal definere og presentere omgrepa barn seksualitet, livsmeistring, kommunikasjon og haldningar. Vi skal belyse dei ulike aspekta ved temaene og presentere barn som seksuelle vesen, samt vaksenrolla i møte med barns seksualitet.

### 2.1 Barns seksualitet

Det er lite forskning kring feltet barns seksualitet og mange hevdar endå at seksualitet ikkje høyrer heime i barndommen (Aasland, 2021). Dersom vi leser litteratur av Margrete Wiede Aasland (2021) og Hanne Emilie Skarpsno (2021) kan vi lese at dei presiserer at vi alle er født med vår seksualitet og at den må bli behandla på lik linje med andre aspektar av vårt liv.

Ordet seksualitet kan vere vanskeleg å definere og derfor fant vi verdens helseorganisasjon (WHO,1986) sin definisjon av omgrepet som lyder slik;

“Seksualitet er en integrert del av ethvert menneskes personlighet; mann, kvinne og barn. Seksualiteten er et grunnbehov som utgjør et aspekt av å være menneske, og som ikke kan skilles fra andre livsaspekter. Seksualitet er ikke det samme som samleie eller evnen til å oppnå orgasme, og er heller ikke summen av hele vårt erotiske liv. Alt dette kan være en del av vår seksualitet, men behøver ikke å være det. Seksualitet omfatter så mye mer, den finnes i energien som driver oss til å søke kjærlighet, kontakt, varme og nærhet. Den uttrykkes i det vi føler, hvordan vi beveger oss, hvordan vi berører andre og selv blir berørt. Seksualiteten handler om å være sensuell, så vel som å være seksuell. Seksualiteten påvirker altså tanker, følelser, handlinger, og vårt samspill med andre mennesker.”

Barns seksualitet er noko anna enn vaksen seksualitet og må ikkje forveklast (Aasland, 2021, s.25). Barn utforskar, leikar og ynskjer å bli kjent med seg sjølv. Dei testar ut grenser og erfarer kva som gir dei ei oppleving av lyst og gode følelsar (Aasland, 2021, s.25). I utforskinga av sin eigen seksualitet seier både Skarpsno (2021) og Aasland (2021) at barn ofte leikar seksuelle leikar som “doktorleik”. I slik leik fortel dei at barn utforskar gjerne kvarandre sine genitalia, viser fram og er nysgjerrige på korleis vi ser ut. Det er viktig å hugse på at barn er forskjellege og i ulike stadier av sin seksuelle utvikling (Aasland, 2021, s.24-25).



Ho legg til at nokre barn begynner seinare enn andre med å uttrykke sin seksualitet og dette er også heilt normalt.

I møte med barns seksuelle leikar er det viktig å vere open og vise barn respekt, men også samtidig vere obs på kva som skjer. Aasland (2020) seier at det kan vere lurt å sjekke om alle barna er med i leiken frivillig og at den opplevast som ok. Dette fordi det er ikkje alltid alle barn liker å vere med på denne leiken. Likevel er det også viktig at ein som vaksen lar barna leike slike leikar privat. Ein skal ikkje overvake barna, men vere litt på vakt slik at ein kan gripe inn dersom leiken går i litt feil retning (Aasland, 2021, s. 52 og 53). Det er lov å seie ja og lov å seie nei.

Aasland (2021, s.59 ) skriver at fram til 1715 då teologen Balthasar Bekker beskreiv farane ved onani, var onani det eit ikkje-eksisterande ord. Han skrev at onani kunne forårsake mageproblem, dårleg syn, feber, kvalme, blodfattigheit og hukommelsestap (Graugaard, 2001). Fleire kjende filosofar meinte i ettertid av Bekker at seksualitet berre kunne og skulle kunn eksistere hjå vaksne menneske. Deriblant Rousseau som meinte at befrukting var den einaste grunnen til lovleg seksuell kontakt, og då berre mellom ektefolk (Aasland, 2021, s.59). Vranglæra om at ein blir sjuk av å onanere er blitt ført vidare frå generasjon til generasjon. Men kanskje blei den litt mindre skambelagt og syndig frå år til år. Etter kvart forstod ein at ein ikkje blir sjuke av onani, heller tvert imot (Aasland, 2021, s.61). I dag er det sett på som normalt å berøre og beføle eigne genitalia, men likevel er skammen i å gjere det fortsatt sterk hos mange og blir vidareført endå i generasjonar.

I Aaslands bok om seksualitet referera ho til Langfeldts (2000) omgrep om den anale fasen i den seksuelle utviklinga hos barn. Denne fasen er frå barn er ca. atten månadar til dei er tre år. I laupet av denne fasen vil barn bli medviten på seg sjølv og deira kroppslege funksjonar, og sluttar etterkvart med bleie. Dei byrjar å bli medviten på korleis kroppen ser ut og korleis den liknar og skiljar seg frå andre samt eigne genitalia. I tillegg vil dei utvikle språket og til dømes kunne setje ord på ulike kroppsdelar. I denne utviklingsfasen legg derfor Aasland (2021, s.31) vidare vekt på at det er viktig at vi som omsorgspersonar og vaksne gir barn dei kunnskapane og den tryggleiken som er nødvendig for at barn skal utvikle ei sunn og god seksuell helse.

Likevel seier Aasland (2021, s. 97) at seksualitet ofte er eit tabubelagt tema som barn og vaksne ikkje snakkar saman om. Ifølge Aasland (2021, s.13) er barn født som seksuelle vesen.

Barn trenger vaksne i sitt sosiale nettverk som kan hjelpe dei på vegen til å få eit godt forhold til seg sjølv og sin seksualitet (Aasland, 2021, s.77). Som Aasland (2021, s.13) vidare fortel oss er det gjennom dei positive og negative tilbakemeldingane vi får, at vi tilpassa oss omgivnadane vi veks opp i. Her kan barn i verste fall utvikle skam rundt sin eigen seksualitet og eigne kjønnsorgan dersom barns nysgjerrigheit og utforsking rundt desse temaene blir møtt med negative reaksjonar, følelsar, haldningar og uttrykk (Skarpsno, 2021, s.57). I tillegg verkar det som at fleire vaksne neglisjera og forteier all prat rundt kropp og seksualitet, spørsmål blir unngått og/eller ikkje ordentleg svart på og ein tar ikkje temaet opp med mindre barn spør. Dette mest sannsynleg på bakgrunn av at dei sjølve har vekse opp med skamfølelsar rundt eigen seksualitet og kropp og dermed syns det er vanskeleg å snakke med barn om det (Aasland, 2021, s.15). Kunnskap gir tryggleik og i følgje ein undersøking Aasland (2021) la fram i si bok er det nettopp kunnskapen dei vaksne føler dei treng for å vere trygg på å snakke ope med barn om seksualitet. I tillegg var det å vere godt kjent med barna du snakka med, å vere trygg på eigen seksualitet og å ha folk å rådge seg med, viktige faktorar for mange.

Rundt 9-10årsalderen byrjar barn å bli flau. I den alderen har barn sannsynlegvis funne ut korleis barn blir til på eigenhand- anten av vaksne, venner, gjennom bøker eller via porno på internett (Aasland, 2021, s.83). Aasland (2021, s.83) legg vidare til at dersom barn får tilgong til plattformer som inneheld porno og liknande vil dei truleg danne seg føresetnadar om korleis barn blir til og kva vaksne gjer saman for at det kan skje. Dersom ingen vaksne har prata med barna om temaet kan det fort danne seg feilaktige, og nokre gongar også skadelege føresetnadar om korleis ting heng saman. Derfor hevdar Aasland (2021, s.83) at vi må snakke og kommunisere med barn om seksualitet og alt det den inneber før barn kjem i den alderen dei er flau og mykje feil informasjon kan ha blitt inntatt.

Vaksne er også naud til å lære barn å seie ifrå når det skjer noko som dei synest er ubehageleg, vondt eller ulovleg (Aasland, 2021, s.94). I denne samanheng er det også viktig å lære barn om grenser, avvising og respekt ein skal ha for andres kropp og om sjølvbestemming. Ein er naud til å gi barn kunnskap om kva som er greitt og ikkje greitt når det kjem til kropp og gi dei verktøya dei treng for å kunne fortelje om noko vondt og vanskeleg. Då treng barnet trygge vaksne, omgrep for å forklare og medvitenheit rundt kva vaksne og/eller andre barn har lov til å gjer med eins kropp. Ein kan ikkje forvente at barn skal kunne vete at seksuelle overgrep er feil dersom ingen har fortalt dei det.

## 2.2 Livsmeistring

I rammeplanen står det at; barnehagen skal bidra til barns trivsel, livsglede, meistring og kjensle av eigenverd (...) (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.11). Dette inneber å gi barn verktøy til å meistre livet og vere trygge i seg sjølv og eigen kropp.

Aasland (2021,s.21) seier at når barn og unge får utvikle eit godt og trygt forhold til kroppen sin og dens funksjoner slik at dei kan akseptere sitt eige og andre sitt kjensleliv utan nødvendige hemningar, har dei god mogelegheit til å glede seg og bli dyktige til å leve sitt liv. Dette vil seie at for at barn skal kunne oppleve livsmestring, er det ein forutsetning at dei får dei kunnskapane og den sjølvtiliten dei treng rundt sin eigen kropp og seksualitet.

Helse- og omsorgsdepartementet (2017, s.7) ser også ein samanheng mellom omgrepa seksualitet og livsmeistring og seier dette om god seksuell helse; god seksuell helse er sett på som ein ressurs og beskyttelsesfaktor som fremmar livskvalitet og meistringsferdigheit.

I rammeplanen står det at; barnehagen skal bidra til at alle barn føler seg sett og anerkjent for den dei er (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.9). I følgje Bae (2016, p.2) er det å anerkjenne barn sett i samanheng med barns rettigheit i forhold til å bli møtt som subjekt, og at barn har "rettigheit i forhold til tankar og kjensler. Dette inneber alle tankar og kjensler som barn har, då også innan kroppslegheit og seksualitet. Dette handlar også om sjølvverd og at barnet skal kunne tenke positivt om seg sjølv utan nokon følelsar av skam. Sjølvverdet er eit produkt av sosial samhandling, der bekrefting av ein sjølv og aksept for at ein blir godtatt for den ein er (Askland & Sataøen, s.150).

## 2.3 Kommunikasjon

Kommunikasjon er særst viktig. Det er grunnlaget for ein kvar interaksjon med andre menneskje og det er grunnlaget for samarbeid. I barnehagen kan kommunikasjon som omgrep definerast som informasjonsoverføring mellom sendar og mottakar (Haugen & Skogen, 2021, s. 103). Her vert sendar den som gir informasjon og mottakar blir medkollegaer, barn eller føresette.

Når vi snakkar om kommunikasjon i forhold til det å snakke med barn om barns seksualitet er det særst viktig å tenkje på nettopp korleis vi gjer dette og kva omgrep vi nyttar. For å verte flinkare til å kommunisere med barn, er det spesielt viktig å auke medviten rundt alle

elementa som inngår i ein kommunikasjon (Nymoens, R. 2020). Kommunikasjon handlar ikkje berre om kva vi seier, men også korleis vi viser det. Denne kommunikasjonsmåten vert kalla “ikkje-verbal kommunikasjon” og består hovudsakleg av kroppsspråk og måten vi signaliserer eit budskap på (Haugen & Skogen, 2021, s. 104). Korleis vi brukar kroppsspråket vårt, er også kommunikasjon. Det er måten vi brukar stemmeleie vårt på, ansiktsuttrykk og augene. Barn les først og fremst våre non-verbale signal og dersom vi barnehagelærarar viser med kroppsspråk at vi synes noko er ubehagelig eller flaut å snakke om vil dette raskt smitte over på barna og gjerne då bli oppfatta som tabu (Skarpsno, 2021, s. 57). Å kommunisere rundt ein slik tematikk til barn kan vere vanskeleg, og det kan vere utfordrande å vite korleis ein skal formulere seg og kva ein skal seie. Mange omsorgspersonar og folk som jobbar med barn beskriv det som at det “låsar” seg litt for dei når slike samtalar skal tas (Aasland, 2021, s. 109). Aasland (2021, s. 81) hevdar at når ein skal snakke med barn om seksualiteten bør ein snakke om heile kroppen og at ein bør bruke eit presist språk om genitalia, slik som penis og vulva. Skarpsno (2021, s. 57) hevdar vidare at ord som “tiss” ikkje er dekkande nok og at ein kan få for lite kunnskapar om eige kjønnsorgan.

I rammeplan for barnehagen står det at “gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening” (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 23). Å medverke og lytte er viktige element innan kommunikasjon og ein kan slik sett seie at dei er ein av kommunikasjonens grunnelement.

Menneske lærer ofte best i eit sosiokulturelt miljø, der det blir lagt vekt på erfaringar gjennom deltaking i praksisfellesskapet (Gotvassli, 2019, s. 23). For å få til ein god kommunikasjon mellom vaksen-barn og barn-barn, kan eit sosiokulturelt perspektiv sjåast i ein samanheng med kommunikasjon.

Berit Bae (2004) skriv i sin doktorgrad om kommunikasjonsmønstre som oppstår i dialog mellom vaksne og barn. Her finn ho at nokre av mønstra er tronge, medan andre er romslege. Eit døme ho gir på tronge kommunikasjonsmønstre er spørsmål der det fins kunn eitt riktig svar, der den eine har definisjonsmakta til å vite kva det “riktige” svaret er og den andre blir redusert til eit objekt som anten svara riktig eller feil. Romslege mønstre er når det vert stilt opne spørsmål der samtalen går mellom to likeverdige subjektstatusar, og ein spør av interesse og ikkje for å få eit riktig eller gale svar. Dermed konkludera Bae (2004) med at for å få eit godt samarbeid og ein god samtale med barn, må ein vere genuint interessert i kva dei faktisk har å seie, utan å vere ute etter eit svar som stemmer med ditt forhåndsbestemte. I

denne sammenheng skriv ho også om anerkjenning og anerkjennande relasjonar og viser til det som ei haldning og ein veremåte der vi ser på den andre som eit unikt subjekt.

### **2.3.1 Kommunikasjon mellom tilsette**

“De ansattes kompetanse er den viktigste enkeltfaktoren for at barn skal trives og utvikle seg i barnehagen” (Helse og omsorgsdepartementet, 2017, s. 14). Dette inneber at for å kunne sikre barnehagens samfunnsmandat er kommunikasjonen blant dei tilsette ein viktig faktor for å lykkast. Når ein som eit team kan kommunisere og arbeidsmiljøet er godt, vil kompetansen hevast då ein rettleiar, delar kunnskap og er kvarandre sine støttespelarar.

Aasen (2018, s.116) skriv at kommunikasjon er den grunnleggjande prosessen i teamarbeidet. Gjennom god kommunikasjon og dialogar i teamet skapast felles mål og meiningar. Dette vil gje personalet moglegheit til å kunne forstå kvarandre på mange ulike plan og utvikle mål som er optimale for barnehagens verksamheit.

## **2.4 Haldningar i personalet**

Haugen og Skogen (2021, s. 99) definera haldning som ein handlingstendens som er relatert til menneskjer, objekt, situasjonar eller fenomen. Ei haldning omhandlar korleis vi reagerer og tenkjer om ulike ting.

Kva haldningar vi som barnehagelærarar utstrålar om tema seksualitet har mykje å seie for barns oppfatning av eigen kropp og seksualitet. Aasland (2021, s. 74) seier at måten barn blir møtt på av vaksne på kan sette varige spor. Ein kan i seinare tid slite med kjensler som skam og skuldkjensle dersom ein som barn blir møtt på av uforstandige vaksne (Aasland, 2021, s. 74). Aasland (2021, s. 77) hevdar at barn treng å bli møtt med forståing og ærlege svar og at haldningane dei vaksne viser kan gjere barn flaue, usikre og skamfulle - eller det motsette: stolte, glade og kunnskapsrike.

### **2.4.1 Element rundt haldning**

Haldning vert forbundet med tre hovudelement. **Kjensler** er forbundet med haldning. Haugen & Skogen (2021, s. 100) seier at ofte kjem ein persons haldningar til uttrykk ved dei kjenslene som er forbundet med ein haldning. Dersom det er noko vi syns bra om og dermed har ein positiv haldning til, kan dette komme til uttrykk med eit smil eller latter. Er det noko vi har

ein negativ haldning til kan dette generere negative kjensler, slik som irritasjon og sinne (Haugen & Skogen, 2021, s. 100).

**Tankar** er også forbundet med haldning. Haugen & Skogen (2021, s. 100) referera til at dersom ein har ein positiv haldning til noko, vil denne haldninga også ledsagas av positive tankar, slik som “dette likar eg”.

Nokre haldningar er så fastsett i oss at dei nesten ikkje lar seg endra. Slike ekstreme eller inngrodde haldningar vert kalla for **fordommar** (Haugen & Skogen, 2021, s. 100).

#### **2.4.2 Haldningsomgrepets komponentar**

Haugen & Skogen (2021, s. 101) seier at haldningsomgrepet består av ein tankemessig eller kognitiv komponent, viten eller kunnskap, og ein kjenslemessig eller affektiv komponent, det å like eller mislike. Det er summen av desse to komponentane som utgjør handlingstilbøyeligheta eller haldninga. Nokre gonger viser ei haldning seg i åtferd eller veremåte, altså det vi seier eller gjer ovenfor ein person - medan den andre gonger ikkje kjem til uttrykk i åtferd (Haugen & Skogen, 2021, s. 101). Dette vil seie at ein kan ha ei positiv haldning til ei sak, medan åtferda seier noko anna.

#### **2.4.3 Utvikle haldningar**

Haugen & Skogen (2021, s. 100) seier at haldningar er eit produkt av erfaring eller læring. Ingen er født med fordommar eller negative haldningar kring noko, alt er tillært. Haldningane våre er etablert over lang tid og kan til ein viss grad atterspegla kva kultur eller kva miljø vi har vekst opp i (Haugen & Skogen, 2021, s. 100) Utdanningsinstitusjonar slik som barnehage og skule er i stor grad med på å påverke dei haldningane som vert utvikla, saman med oppdraging i heimen og påverking av vener (Haugen & Skogen, 2021, s. 100).

At vi barnehagelærarar utstrålar gode haldningar til kropp og seksualitet, også innad i personalet er avgjerande for at barn skal få kunne lære og utforske om kropp og seksualitet i barnehagen. Skarpsno (2021, s. 62) seier at tilrettelegging er avhengig av at dei vaksne i barnehagen har ein positiv haldning til seksualitet. Tilrettelegging handlar om å gi barna moglegheiter for privatliv og skape fysiske rom som innbyr til leik og utforsking (Skarpsno, 2021, s. 62). Samstundes påpeikar Skarpsno (2021, s. 62) at det er viktig at vi vaksne ikkje avbryt leiken, og lat barna få den tida dei treng.

## **Oppsummering**

Det har i dette kapitlet blitt utdjupa relevant teori om barns seksualitet, livsmestring, kommunikasjon og haldningar. Her har vi sett nærare på forståinga av barns seksualitet som omgrep, barns seksuelle uttrykk og leikar, vaksnes tilnærming til tema samt korleis arbeid med dette kan føre til auka livsmestring. Vidare har vi sett på ulike formar for kommunikasjon og måten haldningane våre kjem til uttrykk når vi kommuniserer rundt denne tematikken.

### 3.0 Metode

Som nemnt i kapittel ein har vi utarbeida ein problemstilling som lyder slik; “Korleis arbeidar barnehagelæraren med kommunikasjon rundt tema barns seksualitet?”. For å besvare vår problemstilling har vi valt ein metode og vi vil i dette kapittelet utdjupe og grunngje vår metode for innsamling av datamateriale. Vi vil gjere greie for utforming av intervjuguide og val og presentasjon av informantar, samt gjennomføring av intervju og transkripsjon. Avslutningsvis vil metodekritikk og etiske omsyn knytt til metoden verte reflektert og diskutert.

### 3.1 Val av metode

Når ein skal gjennomføre eit slikt forskingsprosjekt er det to ulike metodar ein kan nytte. Desse er kvalitativ metode og kvantitativ metode. Dalland (2020, s. 53) beskriv metode som ein framgangsmåte, eit middel til å løyse problem og kome fram til ny kunnskap. For å vite kva metode som passar best er det ei forutsetning at ein veit kva målet er og kva ein har lyst å finne ut av. Dette for å kunne velje den metoden som passar best for prosjektet (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 140).

Ein kvantitativ metode består av å få konkret informasjon frå informantane i form av tal og det som er målbart, slik som i ei spørjeundersøking (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 83). I ein kvalitativ metode utførar ein ulike forskingsmetodar slik som til dømes forskingsintervju eller observasjonsstudie. Gjennom ein slik metode ynskjer ein å oppnå ein meir utdjupande informasjon. Målet med til dømes eit forskingsintervju er ikkje berre å utveksle synspunkt om temaet, men å skape meining og forståing som igjen fører til kunnskap (Dalland, 2020, s. 68). Kvale og Brinkmann (2015, s. 83) seier at gjennom eit kvalitativt forskingsintervju produserast det kunnskap sosialt, det vil seie gjennom interaksjon mellom intervjuar og intervjuperson. I motsetning til ein kvantitativ metode, krevst det i ein kvalitativ metode at ein har kunnskap om tema og informanten, og at ein er førebudd til intervjuet.



### 3.2 Det kvalitative forskingsintervju

Vi har valt ein kvalitativ forskingsmetode for å besvare vår problemstilling. Dette fordi vår problemstilling inneheld spørjeordet “korleis” og dette indikera at vi er naud til å bruke ein kvalitativ metode då vi ynskjer å finne ut at korleis noko blir gjort. Dette fordi vi då er avhengig av å få gode og utfyllande svar som kan gi oss den informasjonen vi treng.

I Kvale og Brinkmann (2015, s.20) står det at det kvalitative forskingsintervjuet søker å forstå verden sett frå intervjupersonen si side. Det å få fram betydinga av folk sine erfaringar og å avdekke deira oppleving av verden, forut vitskapelege forklaringar, er eit mål. Formålet er å forstå sider ved intervjupersonens daglegliv, frå han eller ho sitt eige perspektiv (Kvale & Brinkmann, 2015). I vår samanheng blir dette hensiktsmessig då vi skal undersøkje korleis det blir arbeidd med kommunikasjon rundt temaet barns seksualitet i barnehagen.

I den kvalitative forskingsmetoden er fenomenologi eit bestemt omgrep som peikar på ein interesse for å forstå sosiale fenomen ut frå aktøren sine eigne perspektiv og beskrive verda slik den opplevast av informantane, ut frå den forståinga at den verkelege verkelegheita er den menneske oppfattar (Kvale & Brinkmann, 2015, s.45). Dette vil då seie at verkelegheita er slik informanten beskriv den til oss og at det er gjennom intervjuet og informanten at vi kan forstå dei sosiale fenomen vi ynskjer å undersøkje.

I valet av ein slik metode spelar det ei stor rolle korleis ein vel å gjennomføre intervjuet då det er sjølv grunnlaget for innhentinga av informasjon. Informasjonen og dataen ein får i det kvalitative intervjuet går utover ein mekanisk overhalding av reglar og er avhengig av intervjuaren sine ferdigheiter og situerte personlege vurderingar, med omsyn til korleis spørsmåla blir stilt (Kvale & brinkmann, 2015, s.84). Kvale & Brinkmann (2015, s.88) skriv at ferdigheiter, kunnskap og personleg skjønn som er nødvendig for å utføre eit kvalitativt intervju med høg kvalitet, føresetjer omfattande trening.

### 3.3 Utforming av intervjuguide

Med utgangspunkt i problemstillinga vår utforma vi ein intervjuguide.

Vi utforma ein intervjuguide til to barnehagelærarar (sjå vedlegg 1) og ein eigen intervjuguide til vedkommande i Stine Sofie Stiftelsen (sjå vedlegg 3). Dette fordi vi yngste informasjon frå barnehagelærarane om korleis dei faktisk arbeida med det i barnehagen og Stine Sofie Stiftelsen for kva viktigheita og formålet med dette er. Alle intervjuguidane var semistrukturert med overordna tema og underspørsmål. Bergsland & Jæger (2014, s. 71) beskriv semistrukturert intervju som ein samtale mellom forskar og informant, der forskaren har laga ein intervjuguide på førehand med ein plan om kva for tema som er ynskja å snakke om.

For å kunne stille gode oppfølgingsspørsmål er det viktig som intervjuarar å ha god kunnskap om temaet. Dette la vi godt merke til i intervjusituasjonen, då vi som intervjuarar tileigna oss kompetanse og kunnskap innan tema og om Stine Sofie Stiftelsen i forkant og dermed kunne stille relevante oppfølgingsspørsmål undervegs, dette for å få meir utdjupande og konkrete svar. I utforminga av intervjuguiden fokuserte vi på å minimere bruken av leiande spørsmål, altså at mange av spørsmåla er formulert slik at det kjem tydeleg fram kva svar vi som intervjuarar ynskjer oss. Dette fordi vi ynskte oss ærlige, opne og informative svar, som kom frå intervjuobjekta sine eigne perspektiv, synspunkt og erfaringar. Sjølv om vi prøvde å unngå dette, er det viktig å bemerke seg at intervjuarens verbale og kroppslege responsar kan også fungere på same måte som leiande spørsmål, noko som er vanskeleg å minimere (Kvale & Brinkmann, 2021, s. 202). Dette var noko vi som intervjuarar måtte tenkje på i utforming av intervjuguide og i planlegginga av intervjuet.

### 3.4 Val av informantar

I kvalitative studie fins det fleire måtar å velje informantar på. Dette forskingsprosjektet er basert på eit strategisk utval av informantar, der vi har tatt kontakt med menneske som vi opplever som kunnskapsrike og interessante (Dalland, 2020, s.79). Basert på vårt studie sitt omfang var det mest hensiktsmessig for oss å velje ut tre informantar og vi diskuterte kven desse skulle vere på førehand.

Informantane vi valte var to barnehagelærarar i kvar sin barnehage og ein tilsett i Stine Sofie Stiftelsen. Ved val av informantar søkte vi litt rundt på nettet i ynskje om å kome i kontakt med nokon som jobba aktivt med barns seksualitet i barnehagen, grunngjevinga for dette var

at vi yngste oss informasjon om kva effekt det har for barn dersom dette blir arbeida mykje med i barnehagen. Likevel syntest vi det var viktig å ha eit intervjuobjekt nummer tre med ein litt anna bakgrunn, for å få synspunkt frå personar med ulike tilnærmingar til temaet.

Dette er våre informantar framstilt med fiktive namn:

Namn:	Utdanning	Erfaring	Arbeidsplass	Aldersgruppe
Pål	Barnehagelærer i botn, vidareutdanning i vold og overgrep i barnehage	20års erfaring frå barnehagen, 3 år i stiftelsen	Stine Sofie Stiftelsen	
Kornelia	Barnehagelærer, vidare utdanning innan rettleiing, førebyggjande arbeid og tidleg innsats, og utviklingsarbeid, samt identitet, kroppsbilde og seksuell helse for barn og unge i barnehage og skole i tillegg til relasjonar og læring i traumesensitivt perspektiv	20 år erfaring samla frå barnehagen	Pedagogisk leiar i barnehage	Arbeida med alle aldersgrupper, akkurat no førskulegruppa
Nora	Utdanna barne og ungdomsarbeider. Gikk rett vidare på barnehagelærerstudie. Ferdig utdanna i 2020.	Jobba 2 år som barnehagelærer.	Barnehagelærer	Dei yngste i barnehagen.

### 3.5 Gjennomføring av intervju

Vi valte å gjennomføre alle tre intervju saman. Dette fordi det var det som blei naturleg for oss og vi samarbeida veldig godt saman. Vi syns også det er verdifullt å representere oss begge for informantane våre. I forkant av intervju spurte vi informantane våre om dei var komfortabel med dette, noko dei sa ja til.

Vi gjennomførte alle intervju digitalt over Zoom. Dette både på grunn av høg smitte av korona, men også fordi det passa betre for våre informantar å gjennomføre det slik. I forkant av intervju sendte vi ut ein intervjuguide (sjå vedlegg 1 og 3). Dette gir informantane tid til å forberede seg og til å reflektere over det vi skal snakke om. På denne måten er både intervjuar og intervjuobjekt klare over kva vi skal snakke om og intervjuet får ein betre flyt.

Vi hadde eit semistrukturert intervju der vi hadde intervjuguiden som vi gikk ut i frå, men stilte oppfølgingsspørsmål undervegs. Dette førte til at intervjuet fekk ein naturleg flyt og intervjuet blei ein god samtale mellom intervjuobjekt og oss som intervjuarar. Vi satt av ein og ein halv time til disposisjon til å gjennomføre intervjuet. Det var viktig for oss å sette av god tid til intervjua både for å unngå ein stressande situasjon, men også for at vi skulle få gode, utfyllande svar.

Vi som forskarar tilstrebe å halde oss objektive under intervjua, noko som blei ein utfordring ettersom tema er noko vi brenn for. Dalland (2020, s. 60) seier at vi kan prøve å møte eit fenomen så forutsetningslaust så mogleg, men vi kan ikkje unngå at vi har tankar om det. Til tross for vår eigen førforståing prøvde vi, som nemnt i intervjuguide, å utforme “ikkje-ledande” spørsmål og tilstrebe å ha ei nøytral haldning under intervjua.

Med samtykke frå informantane tok vi opp intervjua med ein diktafon.

### **3.6 Transkripsjon**

I etterkant av intervjua satt vi i gong med transkripsjon av intervjua. Å transkribere betyr å transformere, altså å skifte frå ei form til ei anna (Kvale & Brinkmann, 2015, s.205). Intervjuet skifta frå talespråk til skriftspråk og når ein transkribera er det vesentleg å vite forskjellane mellom desse. Kvale og Brinkmann (2015, s. 204) seier at det ikkje er ukomplisert å transkribere, men ein fortolkingsprosess der forskjellane mellom talespråk og skrivne tekstar kan skape ein rekkje praktiske og prinsipielle problem. Ofte kan det vi seier verbalt verke usamanhengande skriftleg. Det vert derfor sentralt å undervegs i transkripsjonen ta ei rekkje beslutningar og vurderingar på korleis ein skal oversetje det. Dalland (2020, s. 95) skiljar mellom å transkribere ord for ord og ein bearbeida tekst i meir skriftleg form. Ord som til dømes “liksom” og “sånn” vert då fjerna i den bearbeida transkripsjonen. Transkriberinga vert gjort for å gjere datamaterialet klart for å analyse.

### 3.7 Metodekritikk

Etter at ein har gjennomført undersøkinga, dreiar det seg om å vurdere korleis metoden fungerte og om den var eit tjeneleg reiskap til å besvare problemstillinga (Dalland, 2020, s. 57). I den samanheng meina vi omgrepa relabilitet og validitet er relevante i høve vurdering av vår metode.

Reliabilitet er eit kriterium for kvalitativ forskning og handlar om i kva grad det arbeidet du har presentert, er til å stole på (Dalland, 2020, s. 58). Dette handlar om korleis ein i laupet av forskingsprosessen kan gjere greie for korleis ein samlar inn data. Ved å fortelje om din førforståing av tema, samt gjere greie for kva feilkjelder som kan ha påverka resultatet gir du lesaren moglegheit til å vurdere din pålitelegheit og påliteligheita av arbeidet ditt (Dalland, 2020, s. 58).

Eit grunnleggjande krav til data er at dei må vere relevante for problemstillinga (Dalland, 2020, s. 63). Validitet handlar altså om gyldigheit, altså i kor stor grad det innsamla data er relevant for forskinga og om ein kan trekkje gyldige slutningar ut i frå det.

Som nemnt i val av informantar valte vi å ha tre informantar med ulik kompetanse og ulike synspunkt på tema. Dette gjorde vi fordi vi meinte dette vil skape ein større relabilitet i våre funn då dette gir oppgåva eit større omfang.

I utforming av intervjuguide forklarte vi at vi fokuserte på å unngå leiande spørsmål då vi meina dette ville ha svekka validiteten og relabiliteten av våre funn. Likevel er det som i følge Kvale & Brinkmann (2021, s.201) slik at leiande spørsmål også kan styrke ein intervjusituasjon ved at ein kan bruke det til å teste validiteten og relabiliteten av våre intervjuobjekt. I forkant av intervjuet hadde vi ikkje satt oss inn i bruken av leiande spørsmål på denne måten, ettersom vi hadde ei førforståing av at leiande spørsmål ikkje var bra i ein intervjusituasjon. Likevel ser vi at våre intervjuguidar (sjå vedlegg 1 og 3 ) inneheld både leiande og ikkje-leiande spørsmål.

I forkant av intervjuet tok vi ein vurdering om vi skulle gjennomføre intervjuet saman eller kvar for oss. Dette både av praktiske årsaker men også med tanke på ein skeiv maktfordeling ettersom vi var to som intervjuet eit intervjuobjekt. Dalland (2020, s. 93) derimot seier at studentar som arbeidar saman i gruppe bør utføre intervjuet saman, og forklarar at intervjuobjekt sjeldan opplever dette som sjenerande. Ved å gjennomføre intervjuet saman vil

ein sitte igjen med fleire inntrykk etter intervjuet, ettersom kvar enkelt har ulike meiningar om intervjuets forlaup. Dette igjen kan føre til at vi får meir ut av intervjuet.

Dalland (2020, s. 78) seier at kontakten mellom intervjuar og intervjuperson er heilt grunnleggjande for utviklinga av intervjuet. Ein bør lytte på intervjuobjektet, halde augekontakt og følgje med på kroppsspråket deira. Når ein gjennomfører intervju over Zoom kan ein miste slike viktige element i samtalen slik som kroppsspråk eller mimikk. Gjennom eit Zoom intervju kan ein også oppleve dårleg internetforbindelse, som igjen kan føre til at ein avbryter intervjupersonen. Det blir derfor ekstra viktig å vere medviten på dette før ein går inn i intervjuet. Til tross for dette følte vi at det å gjennomføre intervju over Zoom fungerte bra.

Når ein vel å nytte seg av ein kvalitativ metode kan det vere verdifullt å spørje seg sjølv “har vi dei ferdigheitene som skal til for å gjennomføre gode kvalitative intervju?”. Dalland (2020, s. 57) seier at jo betre ein beherskar metoden, desto betre vert resultata. I forkant av intervju våre gjekk vi i gjennom spørsmåla våre og øvde på kvarandre. Dette for å verte tryggare på både metoden og det vi skulle snakke om. Gjennom ein kvalitativ metode slik som intervju er forskaren instrumentet og det vert derfor sentralt å reflektere over korleis vi som forskarar kan ha påverka arbeidet (Dalland, 2020, s. 57).

Ut i frå kriteriene til reliabilitet og validitet, og det vi no har diskutert og lagt fram meina vi at vårt arbeid er til å stole på og at vår empiri er relevant for å besvare vår problemstilling.

### **3.8 Etiske retningslinjer**

Når ein samlar inn data frå barnehagar må ein følgje reglane for personvern. “For å sikre at forskingsetiske normer bli ivaretatt innen utdanning og forskning, har vi Norsk senter for forskingsdata (NSD) med Personvernombudet for forskning og De nasjonale forskingsetiske komiteene.” (Dalland 2020, s. 168). I forbindelse med vårt forskingsprosjekt har vi gjennomført tre intervju og brukt diktafon til taleopptak. Ved bruk av ein slik metode for å skaffe empiri måtte vi melde inn prosjektet til NSD og få det godkjent før vi kunne starte våre intervju (sjå vedlegg 2). Dette var for å sikre at vi handla i tråd med dei etiske retningslinjene som fins når ein skal drive forskingsprosjekt. Vi utarbeida eit informasjons- og

samtykkeskjema (sjå vedlegg 4) i tråd med NSDs retningslinjer, som vi sendte ut til våre informantar der det var informert om prosjektets formål, kva det innebar å delta og rettigheitar, samt informasjon om anonymisering og personvern. Dette har vi etterfølgt i vårt arbeid og vi vil dermed seie at vi har handla i tråd med etiske retningslinjer i dette forskingsprosjektet.

### **Oppsummering**

I dette kapitlet har det blitt gjort greie for ulike forskingsmetodar og presisert metode for datainnsamling til dette forskingsprosjektet. Vidare har informantane blitt presentert, samt forklart utforming av intervjuguide, gjennomføring av intervju og transkripsjon. Vi har reflektert kritisk rundt metode og etikk, samt vurdert validiteten og reliabiliteten rundt denne forskingsoppgåva.

#### 4.0 Presentasjon av empiri

I dette kapitlet skal vi presentere våre empiriske funn ut i frå dei tre kvalitative intervju vi gjennomførte. Vi vil presentere våre funn i lys av våre gjennomgåande kategoriar; barns seksualitet, livsmeistring, kommunikasjon og haldningar, i tillegg til dette gi døme på korleis barnehagelæraren har arbeida aktivt med dette, samt førebygging. Når vi siterar våre informantar har vi valt å gjere dette på bokmål, ettersom det er nærmast deira talespråk. Dette gjer vi i for å unngå å endre meiningane deira når vi siterar dei.

Vi vil leggje fram dei funna vi meina er relevant for å kunne besvare vår problemstilling;

“Korleis arbeidar barnehagelæraren med kommunikasjon rundt tema barns seksualitet?”

#### 4.1 Barns seksualitet og livsmeistring

Vi stilte våre informantar spørsmål om kva dei tenkjer om barns seksualitet og utsagnet “barn er seksuelle vesen”. Vi var nysgjerrige på dette for å få tak i nokre av informantane sine grunnsyn innan tema. Pål svarar slik;

“Jeg tenker at barns seksualitet er noe som er medfødt og noe som er normalt, jeg tenker at alle mennesker har en eller annen form for seksualitet fra de er bitte små. Jeg tenker det er på lik linje som at barn har andre elementer eller utviklingsområder, så har de en seksualitet”.

Dette samsvarar med det Aasland (2021) og Skarpsno (2021) presisera om at vi alle er født med vår seksualitet og at den må bli behandla på lik linje med andre aspekt av vårt liv. Vidare var alle informantane samde om at barns seksualitet er normalt og ein naturleg del av barns utvikling. Kornelia spesifisera at “barns seksualitet inneber alt frå tilknytning, til berøring, til trygghet, kjærlighet og preferanser, og fysisk og psykisk utvikling”. Våre informantar sa seg alle einige om at barn er seksuelle vesen. Pål forklarar at når vi klarer å skilje mellom barns utforsking av eigen kropp og vaksnes forståing av kva seksualiteten er, er det mykje lettare å akseptere at barn har ein seksualitet og at *barn er seksuelle vesen*. Dette har også Aasland (2021, s.25) presisert; at barns seksualitet er noko anna enn vaksen seksualitet og må ikkje forvekslast.

Omgrepet barns seksualitet er ikkje nemnt i rammeplanen. Vi var interessert i kva våre informantar tenkte om dette. Kornelia svarar;



“Den seksuelle utviklingen er jo en veldig stor del av oss og en del av identitetsutviklingen vår. Så jeg synes jo det er egentlig litt trist og at det gjør noe med barnehagene, barnehagelærerutdanningen mister noe på veien når vi ikke lærer om disse tingene (...) det mangler rett og slett. (...) Det bør ikke være opptil hver enkelt hvordan et barn blir møtt som liten på disse tingene. (...) selv om det står i rammeplanen at de skal; veldig lite ja, men det som står i rammeplanen at personalet i barnehagen skal kjenne til strategiplanar, nasjonale planer eller retningslinjer. Og da tenker jeg at rammeplanen har sagt at barnehagen bør kjenne til strategiplanen om seksuell helse for eksempel. Jeg velger å tolke den som at vi må forholde oss til den «Snakk om det!» som den heter. ”

Nora svarar slik;

“Jeg har jo ikkje tenkt over det når jeg studerte da (...), men det er jo som sagt en naturlig del av barns utvikling så det burde jo vere et mer sentralt tema, fordi kanskje det er mange i personalgruppen som vegrer seg for å snakke om det, og då er det viktig at det kanskje står i noe fastsatt da, for då er det lettare å kanskje følge det eller legge det inn i plan i barnehagehverdagen”

Funna viser at våre informantar ser på barns seksualitet som ein naturleg del av barns utvikling, men påpeikar at dersom det hadde vore tydelegare implementert i styringsverktøy ville det vore enklare å setje det på dagsorden.

Helse- og omsorgsdepartementet (2017, s.7) beskreib god seksuell helse som ein ressurs og beskyttelsesfaktor som fremmar livskvalitet og meistringsferdigheiter. Pål uttrykte seg noko likt og legg vekt på den delen av arbeidet i barnehagen som arbeidar for å gi barn eit sunt og godt forhold til sin eigen seksualitet;

“En ting er liksom å forebygge seksuelle overgrep, en annen ting er jo å gi barn og mennesker et sunt og normalt og godt forhold til sin egen seksualitet”

Her viser Pål at han har ei brei forståing av det å arbeide med barn om kropp og seksualitet.

## 4.2 Korleis har barnehagelærarane aktivt arbeida med dette temaet?

Vi spurte våre informantar korleis dei aktivt har arbeida med tema barns seksualitet i barnehagen. I spørsmål om dette svarte Kornelia;

“Med de eldste i barnehagen frå 3, 4, 5 og 6 år så begynner vi å jobbe mer strukturert, at vi har samlinger om kroppen og då tar for oss; hvordan barn blir til, alt fra det med forelskelse, følelser, berøringer, både gode og vonde, og hvordan kroppen blir laget og går igjennom (...)Vi har årlig prosjekt med førskolegruppen om kroppen og om å sette grenser for egen kropp, og hvordan barn blir til, så vi jobber egentlig veldig fast og strukturert hele det siste halvåret i barnehagentiden deres”.

Dette ser vi i ein samanheng med det Aasland (2021, s.94) seier om at vaksne er naud til å lære barn å seie ifrå når det skjer noko som dei synest er ubehageleg, vondt eller ulovleg og at det i denne samanhengen er viktig å lære barn om grenser, avvising og den respekten ein skal ha for andres kropp og om sjølvbestemming.

Nora svarer slik om korleis dei arbeidar i barnehagen;

“Vi har to bøker der som jeg er no da (..) Så har de også samarbeid med Stine Sofie Stiftelsen i forhold til det å snakke om og bli litt mer sånn, få litt mer innblikk i hvordan forebygge og sette inn tiltak i barnehagen”.

Aasland (2021, s. 97) seier at det kan vere fint å ha nokre bøker om kroppen på bokhylla, om korleis barn vert til og om seksualitet, noko som Nora viser at ho nyttar seg av.

## 4.3 Kommunikasjon

### 4.3.1 Med barna

I kommunikasjon med barn skriv Aasland (2021, s.13) at det er gjennom dei positive og negative tilbakemeldingane vi får, at vi tilpassa oss omgivingane vi veks opp i. Her kan barn i verste fall utvikle skam rundt sin eigen seksualitet og eigne kjønnsorgan dersom barns nysgjerrigheit og utforsking rundt desse temaene blir møtt med negative reaksjonar, følelsar, haldningar og uttrykk ifølge Skarpsno (2021, s.57).

I samtalar med barn om kropp og seksualitet seier Kornelia at vi må velje våre ord med omhu og at ho prøver så godt ho kan å svare uansett kva eit barn spør om.

“Hvis et barn spør meg om noe som er viktig for de, så er det viktig for de at jeg svarer. (...) Jeg prøver snakke så ordentlig som mulig uten så mye fiksfakseri, bruke realistiske begreper. “

I spørsmål om informantane tenkjer over kva omgrep dei nyttar i møte med barn rundt eit slikt tema uttrykkjer Pål seg slik;

“Vi tenker at vi tilstreber å være ærlig og direkte i språkbruken vår. Vi sier ikke private deler eller private områder fordi det er veldig abstrakte begrep som veldig mange barn ikke vet hva er. Så direkte, og ufarlig og tydelig som overhodet mulig og kall en spade for en spade”.

Dette samsvarar med det Aasland (2021, s. 81) og Skarpsno (2021, s. 57) seier om at når ein skal snakke med barn om seksualiteten bør ein snakke om heile kroppen og at ein bør bruke eit presist språk om genitalia, slik som penis og vulva. Ordet “tiss” er ikkje dekkande nok, og at ein kan få for lite kunnskapar om eige kjønnsorgan.

Våre informantar uttrykkjer alle at dei opplever at mange syns det er vanskeleg å kommunisere rundt ein slik tematikk til barn, og det kan vere utfordrande å vite korleis ein skal formulere seg og kva ein skal seie. Mange omsorgspersonar og folk som jobbar med barn beskriv det som at det “låsar” seg litt for dei når slike samtalar skal tas (Aasland, 2021, s. 109). Nora forklarar utfordringane slik;

“Det å unngå bortforklaringar. At man kanskje seier, «nei har ikkje tid til å snakke no» eller at man kanskje syns det er vanskelig sjølv å snakke om og då brukar man bortforklaringar som «vi kan ta det en annen dag».»

Pål som arbeidar i Stine Sofie Stiftelsen kjem med dette eksempelet vedrørande dei tilsette i barnehagen sin tilnærming til barns seksuelle uttrykk;

“Vi opplever veldig ofte når barnehageansatte skal veilede barn på seksualitet, så veileder de ikke, de bare avleder. Når barn begynner å selvstimulere så sier de ikke at «nå ser jeg at du tar på deg selv og koser med deg selv, det er fint, sunt og bra, det må vi gjøre når vi er aleine», som ville vært en veiledning. Der kunne du håndtere seksualiteten din også får du lært opp at det må du gjøre når du er alene. Mens andre

tenker at nå skal de veilede «kom, slutt med det vi går å leker». Det er en avledning, som ikke tar seksualiteten på alvor men som bare later at den ikke er der for å gjøre noe annet. Så derfor så tror vi at denne kunnskapen er viktig.”

#### 4.3.2 Med foreldre

Ifølge Aasland (2021, s.13) veit ikkje barn kva seksualitet er og derfor er det viktig at vi som omsorgspersonar kan fortelje om det vi ser barn opplever i møte med sin seksualitet. Vi spurte derfor våre informantar om dei ser på foreldresamarbeid som verdifullt i arbeid med barns seksualitet og korleis dei kan gå fram for å få til dette. Nora formulera seg slik;

“Altså foreldrene de vil jo sikkert ha ulike måter å snakke om det på, men det burde jo være en litt større del i for eksempel årsplanen fordi at då, den leser jo foreldrene eller de skal få se igjennom den. Og då blir de jo litt mer bevisst på hva vi jobber med. (...) vi kan finne gode løsninger sammen og bruke hverandre som i kommunikasjon og bruke hverandre som hjelpemiddel.”

Sidan barnehagen og heimen utgjer barna sitt liv kan vi sjå dette i samanheng med Barnehagens samfunnsmandat som seier at vi skal; “i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling” (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7).

Kornelia påpeikar også viktigheitene av å ha foreldre med på laget, ho formularar seg slik;

“Ha foreldrene med på laget og at de skjønner hvorfor det er viktig å jobbe med barns seksualitet, kropp og grenser og det har vi fått veldig masse god tilbakemelding på, for det er jo veldig mange som setter litt sånn kaffen i halsen når vi snakker om barn og seksualitet. Det er liksom to ord som ikke går sammen for veldig mange, men vi har hatt disse temakveldene der vi har gitt foreldrene informasjon (...). Så det og ville jeg anbefalt å gjøre og da står du litt stødigere i det. Og bruke rammeplan, og bruke det, et veldig godt dokument som heter; snakk om det, som er en strategiplan frå helse og omsorgsdepartementet”

Alle våre informantar var einige om at foreldresamarbeid også er viktig innanfor eit slikt tema i barnehagen. Dei legg også til at temaet kanskje er vel så viktig då dei oppfattar at temaet har

skam og tabu nært knytt til seg. Barnehagelærarane viser at dei ser på foreldresamarbeid som ein viktig del av det å jobbe kommunikasjon rundt barns seksualitet.

#### *4.3.3 Med kollega*

Noko anna som kom tydeleg fram gjennom våre intervju var viktigheita av kommunikasjon. Aasen (2018, s.116) skriv at kommunikasjon er den grunnleggjande prosessen i teamarbeidet og at gjennom god kommunikasjon og dialogar i teamet skapast felles mål og meiningar.

Denne teorien atterspeglar seg i det Kornelia seier om korleis dei arbeider kollegialt:

“Vi tar opp ting på avdelingsmøter, ulike problemstillinger man står i, da drøfter og reflekterer vi sammen (...) så vi har en veldig god og åpen dialog”

Kornelia er pedagogisk leiar i sin barnehage og har utdanning og lang erfaring innan temaet barns seksualitet. Ho har gitt uttrykk for at ho brenn for temaet og har tatt ansvar innan rettleiing av sitt personale rundt temaet. Ho fortel at mange kjem til henne for råd om korleis dei kunne handtert situasjonar annleis og liknande. Dette seier ho om kva som er viktig å tenkje på med rettleiing av sitt personale:

“det her med å finne balansen mellom støtte og utfordring”

Nora som kunn har eit par månaders erfaring i barnehagen ho arbeidar i no, seier at ho ikkje har opplevd noko særlig kommunikasjon blant personalet rundt dette teamet og konkludera med at det kanskje har blitt gløymt litt. Vi spurte derfor Nora om korleis ho ville kommunisert med sine medarbeidarar rundt tema, ho svarar følgjande:

“Først og fremst ville eg kanskje spurt hver medarbeider hva de tenker om det med barns seksualitet og hva utfordringer de har, hva de tenker er vanskelig å snakke om. Og at man då kommer til enighet om hva vi kan snakke om, kanskje vi kan bruke de tingene for å legge det fram og at man bruker litt de samme verktøyene, man tilpasser jo aldersgruppen men at man går litt sammen om hva retningslinjer for hva man bør unngå og at man har litt felles holdninger da, og at selvfølgelig man kan tenke ulikt om hva man skal formidle men at vi prøver å formidle vertfall noenlunde det samme og på en riktig måte og hvordan bruker vi ansiktsuttrykk på og hvordan snakker man med barn om det.”

Godt samarbeid kollegialt er noko begge barnehagelærarane legg vekt på under intervjuet og dei framheva bruken av samarbeid og kommunikasjon rundt tema då det kan opplevast som

vanskeleg for mange. Skarpsno (2021, s.64) legg også vekt på at det er viktig at personalet reflektera og diskutera saman rundt eigne tilknytningar til tema for å kome fram til ein felles norm for korleis barnehagen skal forhalde seg til barns seksuelle utforsking og leik.

#### 4.4 Haldningar

Vi spurte våre informantar korleis dei kommunisera rundt tema med sine medarbeidarar og om dei er samde over korleis tema skal bli formidla til barna. Kornelia svarar slik;

“Sånn dette med seksuelle leker, det å utforske og være nysgjerrig på hverandre. Det har vi kanskje jobbet mest med, dette med hvordan voksne håndterer situasjoner som ikke medfører skam, men samtidig verner om alle involverte og passer på privatliv og samtykke”.

Dette samsvarar med det Aasland (2021, s. 77) seier om at det kan vere lurt å sjekke om alle barna er med i leiken frivillig og at den opplevast som ok. Vidare hevdar Aasland (2020) at barn treng å bli møtt med forståingsfulle vaksne som utstrålar positive haldningar rundt tema og at vi vaksne må vere medviten over våre haldningar ettersom dei haldningane barnehagelæraren viser kan gjere barn flaue, usikre og skamfulle - eller det motsette; stolte, glade og kunnskapsrike.

Vaksens haldningar til tema barns seksualitet har gjennom intervju vist seg å vere nokså blanda med tanke på oppvekst og miljø. Pål seier dette på om han trur alder kan ha noko å seie på måten ein formidla tema i barnehagen;

«(..) hadde jeg ført statistikk på det så ville jeg nok si at yngre ansatte har et mer avslappa forhold til en del av disse tematikkene enn noen av de eldre. Når det er sagt, så møter jeg kvinner på 65 som er helt rå på disse temaene»

Aasland (2021, s. 59) referera til teologen Balthasar Bekker (1715) som beskreib farane ved onani. Til tross for at dette er lenge sia, kan vranglæra om slike haldningar til seksualiteten og skammen blitt ført vidare frå generasjon til generasjon, men kanskje har denne skammen blitt mindre frå år til år (Aasland, 2021, s. 61). Det Aasland seier her om aldersbestemt skam stemmer ikkje regelrett ut frå det Pål har opplevd.

Kornelia er opptatt av at vi som barnehagelærarar må handle til det beste for barn. Dette inneber for ho at det ubehaget og den usikkerheita ein kan kome til å oppleve i ulike situasjonar, ikkje kan setje ein stoppar for å handle slik ein meina er rett.

«Hvis det er for barns beste så kan ikke det jeg mener og det som eg kjenner på, stoppe det»

#### 4.5 Førebygging

Eit anna funn er at alle våre informantar er einige om at det å snakke med barn om kropp og seksualitet kan vere med på å førebyggje og/eller avdekke seksuelle overgrep. Kornelia uttrykte seg på denne måten;

“Det er jeg helt overbevist om (...)Vi har jo avdekket for eksempel vold i en sånn type sak i en samling, hvor vi snakket om hva som er greit å gjøre med kroppen og ikke gjøre, så da har vi faktisk fått frem at det har vært mødre som har slått for eksempel”

Pål trekk samanhengar mellom det å lære barn trafikkreglar for førebyggje at dei blir påkjørt og det å lære barn om kropp og grenser for å førebyggje og avdekke seksuelle overgrep.

“Vi tenker jo at på lik linje som vi lærer barn om andre ting, vi lærer barn om trafikkregler for å forebygge at de blir påkjørt, for at de kan oppføre seg i trafikken, for at de kan håndtere det trafikkbilde utifra sitt ståsted etterhvert som de blir eldre. Så tenker jeg at viss vi gir de den samme type informasjon om kropp, grenser, vi øver oss på å hvor nærme kan man stå et annet menneske uten at man føler at det er ubehagelig. Så lærer man seg også en form for «her går min grense», også forstår man etterhvert at andre har andre grenser. Med å bli litt sånn trygg på at «dette synes jeg var godt» og «dette syns jeg ikke var godt», her kan jeg si nei, jeg kan si ja først også kan jeg si nei etterpå viss det endrer seg. Altså disse tinga kan vere med på å forebygge seksuelle overgrep og seksuelle krenkelsar i den forstand at du blir dratt med på ting som du egentlig ikke vil men som du er med på litt allikevel”

Både Pål og Kornelia påpeikar begge at å kommunisere rundt tema har ein førebyggjande effekt.

## **Oppsummering**

I dette kapitlet har vi presentert våre empiriske funn frå våre tre kvalitative intervju. I dette kapitlet fant vi ut at våre informantar alle er samde om at barn er seksuelle vesen og at barns seksuelle utvikling må bli behandla på lik linje som andre aspekt av deira liv. Korleis barnehagelæraren arbeida med tema i barnehagen verkar å vere noko ulikt og haldningane til den enkelte barnehagelæraren påverka i stor grad korleis barn blir møtt. Eit av hovudfunna er at det er i følgje våre informantar for lite fokus på tema i barnehagen. I tillegg har vi funne ut at å snakke med barn om seksualiteten kan verke førebyggjande, samt korleis dette kan føre til auka livsmestring.

Dette utgjer det empiriske materialet som vi skal drøfte i kapittel fem.



## 5.0 Drøfting

I dette kapittelet vil forskingsprosjektets empiri drøftast i lys av teori som har blitt presentert i kapittel to. Dette for å drøfte og reflektere rundt ulike synspunkt og konklusjonar omkring problemstillinga vår;

“Korleis arbeidar barnehagelæraren med kommunikasjon rundt tema barns seksualitet?”

Oppsettet på dette kapittelet vil atterspegla oppgåva sine hovudkategoriar; barns seksualitet, livsmeistring, kommunikasjon og haldningar, samt fokus på temaet barns seksualitet i barnehagen. Her vil vi drøfte korleis haldningane til barnehagelæraren påverka syn barn har på eigen kropp og seksualitet, korleis tema blir kommunisert til barna, blant personale og til føresette, samt om auka fokus på dette kan føre til livsmeistring og førebygging av seksuelle overgrep.

### 5.1 Barns seksualitet og livsmeistring

Barn er i følge Aasland (2021) og Skarpsno (2021) født som seksuelle vesen. Aasland (2021, s.25) påpeikar at barns seksualitet er noko anna enn vaksen seksualitet og må ikkje forvekslast. Slik har òg våre informantar framstilt temaet. Barn utforskar, leikar og ynskjer å bli kjent med seg sjølv. Dei testar ut grenser og erfara kva som gir dei ei oppleving av lyst og gode kjensler (Aasland, 2021, s.25). Likevel seier Skarpsno (2021, s.9-10) at mange ser på barndommen som ei uskuldig tid der seksualiteten ikkje passar inn og at svært mange menneskje forbinder omgrepet seksualitet med sex. På grunn av motviljen til å ta i bruk omgrepet seksualitet i barnehagen slik;

“Jeg tror bare ikke at vi har kommet dit enda i barnehageverden (...). Jeg tror det er en motvilje til å ta inn begrepet seksualitet fordi at allmennforståelsen av ordet seksualitet handler om voksen seksualitet.“

Å reflektere rundt kva syn ein har på barn og seksualitet verkar sentralt då dette er viktig for å bestemme korleis arbeidet rundt tema blir gjort, eller ikkje gjort. Skarpsno (2021, s.56) understrekar at korleis vi er prega av samfunnet sitt syn på og forståelsen av seksualitet kan spele ei stor rolle for våre reaksjonar ovanfor barn og at det dermed er viktig å reflektere rundt

eigne haldningar og kjensler. Dersom ein har eit slikt syn som Pål hevdar mange har, vil det vere vanskeleg å setje ein naturleg samanheng mellom omgrepa.

I Aaslands bok om seksualitet referera ho til Langfeldts (2000) omgrep om den anale fasen i den seksuelle utviklinga hos barn. Denne fasen går som tidlegare nemnt frå barn er atten månadar til dei er tre år. Det vil seie at barn byrjar utviklinga av eigen seksualitet allereie i tidleg barnehagealder. Informantane uttrykte seg også slik i samtaler om når seksualiteten startar og når ein bør begynne å snakke med barn om kropp og seksualitet. Dei er einige om at barn er seksuelle vesen og at den byrjar frå dei er små. Pål seier dette om å lære barn om kropp og seksualitet;

“Det å på en måte gi barn en sunn og god mulighet å utvikle sin egen seksualitet tenker jeg jo er livsviktig. Ja, så vi må jo på en måte ikke late som at seksualiteten kommer samtidig som den seksuelle lavalderen i sekstenårsalderen, den kommer mye tidligere.”

Det verkar derfor sentralt å starte og kommunisere med barn om seksualiteten frå tidleg barnehagealder då barn behøver å få vite og bli møtt på det som skjer i utviklinga av kroppen og kjenslene dei opplev. Dette påpeikar også Aasland (2021, s.13) er viktig, det at ein som omsorgspersonar kan fortelje om det vi ser barn opplever i møte med sin seksualitet.

Aasland (2021, s.83) skriver også at vi må snakke og kommunisere med barn om seksualitet og alt det den inneber før barn kjem i den alderen dei er flau og mykje feil informasjon kan ha blitt inntatt. Dette er også eit argument for å starte med kommunikasjon rundt temaet frå ein tidleg barnehagealder. I 9-10 årsalderen byrjar dei fleste barn å bli flau. Derfor hevdar Aasland (2021, s.83) at vi er naud til å gi barn dei kunnskapane dei treng før dei oppsøker andre plattformer som porno for å finne svar. Pål beskriv det slik;

“Vi vet at seksualiteten påvirkes av de inntrykkene du får som barn, det er flere og flere som ser pornografi fra veldig tidlig alder, de kan lære seg tenningsmønster som kan være ganske destruktive og som ikke harmonerer med den virkeligheten de kommer ut i når disse begynner å utøve sex i litt eldre ungdomsalder. Så vi tenker at dette er jo ganske viktig å ta tak i tidligere, nettopp snakke om normaliteten da, det vanlige rundt dette.”

På bakgrunn av dette kan det argumenterast for at det er vesentleg og verdifullt å starte å kommunisere med barn om kropp og seksualitet frå tidleg barnehagealder, då det å utsette det for lenge verkar å kunne ha negative konsekvensar for barn sin tilnærming til eigen kropp og seksualitet.

I Helse- og omsorgsdepartementet (2017-2022, s.7) sin strategiplan seksuell helse, "Snakk om det!" blir heilheitleg innsats sett på som ein nødvendighet for å styrke folkets seksuelle helse trekt fram. Dette inneber også den tidlege innsatsen for barnehagebarn innan tema. Som tidlegare nemnt sett også departementet eit er lik teikn mellom livmeistring og det å lære barn om kropp og seksualitet. Som også våre informantar har vektlagt vil det å møte barns seksualitet med kunnskap, anerkjenning, aksept, openheit og tryggleik vere med på å gjere til at barn kan føle på livsmeistring. Dette fordi dersom barn blir trygge på seg sjøve, kven dei er, kjensler og tankar, samt får tilstrekkeleg med kunnskap og opparbeida seg eit godt sjølvbilde vil barnet også kunne kjenne på livsmeistring. Noko rammeplanen seier barnehagen skal fremje (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.7)

Gjennomgåande i våre intervju brukar også våre informantar ordet "anerkjenne" i måten det er ynskjeleg å kommunisere med barn om seksualitet på. Kornelia seier at vi må møte barns nysgjerrigheit med anerkjenning. Berit Bae (2016, p.2) sett omgrepet anerkjenne i sterk samanheng med det å møte barn som subjekt og innfri barns rettigheitar. Å bli møtt av vaksne på ein slik måte vil då bidra til auka kompetanse og sjølvtilit hjå barnet, noko som Aasland (2021, s.21) seier er ein forutsetning for å kunne glede seg og bli dyktige til å leve sitt liv, derav livsmeistring. Skarpsno (2021, s.60) understrekar også viktigheita av ein anerkjennande veremåte. Barna skal i følgje rammeplanen (2017, s.11) få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med egne og andre sine kjensler noko som styrkar synet på viktigheita av ein anerkjennande veremåte.

I møte med barns seksuelle uttrykk, fortel Pål at han opplev veldig ofte når barnehagetilsette skal rettleie barn, så rettleiar dei ikkje, dei avleiar. Å møte barn på ein slik måte vil vere avvisande og svært lite anerkjennande. Aasland (2021, s.74) seier måten barn blir møtt av vaksne på, kan sette varige spor. Ho legg vidare til at enkelte vil slite med skam og skuldkjensle gjennom barne-og ungdomstid og langt opp i vaksen alder. Ut i frå det Pål seier han har erfart i møte med mange ulike barnehagar, kan ein tolke det slik at mange barnehagelærarar ikkje er medviten om at avleiing i slike situasjonar kan vere skadeleg for

barns seksuelle utvikling og sjølvkjensle. Berit Bae (2004) skriv i sin doktorgrad om kommunikasjonsmønstre som oppstår i dialog mellom vaksne og barn. Her finn ho at nokre av mønstra er tronge, medan andre er romslege. I dei romslege mønstra skriv ho at det vert stilt opne spørsmål og at samtalen går mellom to likeverdige subjektstatusar og ein spør av interesse og ikkje for å få eit riktig eller gale svar. For å oppnå dette må ein vere genuint interessert i kva barn faktisk har å seie, utan å vere ute etter eit svar som stemmer med ditt forhåndsbestemte. I denne samanheng beskriv viktigheita av anerkjenning og anerkjennande relasjonar og viser til det som ei haldning og ein veremåte der vi ser på den andre som eit unikt subjekt som er nødvendig for romslege kommunikasjonsmønstre.

I rammeplanen står det at; “å møte individets behov for omsorg, tryggleik, tilhørigheit og anerkjennelse (...) er viktige verdier som skal gjenspeiles i barnehagen”

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s.7). Her presisera òg rammeplanen at å anerkjenne barn er ein viktig del av å ivareta barn i barnehagen. Likevel kan det verke som barnehagen har for lite kunnskap om tema, spesielt om korleis ein bør og skal møte barns seksuelle uttrykk for å fremme livsmeistring, og ein sunn og god seksuell helse.

## 5.2 Kommunikasjon

I vår kommunikasjon med barn vil barn lese våre non-verbale signal (Skarpsno, 2021, s.57). Dersom vi opplev noko som flaut, ekkelt eller ubehageleg å snakke om vil barn plukke opp dette sjølv om vi ikkje seier det med ord (Skarpsno, 2021, s.57). Dette kan føre til at barn frå tidleg alder vil knyte sin seksualitet til skam, noko som er tabu og at ein ikkje kan spørje vaksne om det ein lure på. Kornelia fortel oss at ho prøvar å tenkje på at jo meir roleg ho her og jo meir normaliserande ho er, som ein som barna kjenner og er glad i, jo meir normalt blir det. Ho legg vidare til at ved å gjere dette vil temaet ikkje bli tabu, framand og satt på avstand. Kornelia er klart medviten over eigen tilnærming til barn rundt dette temaet og viser at ho arbeider med kommunikasjon rundt temaet. Det kjem klart fram det same budskapet som Skarpsno (2021, s.57) også påpeikte om at barn vil kunne utvikle eit negativt forhold til eigen seksualitet og kjønnsorgan dersom vaksne ladar seksuelle ord med negative kjensler.

Våre informantar har også uttrykt viktigheita av ordbruk samt fokus på måten vi møter barn i deira seksuelle uttrykk. Å vere medviten på kva konsekvensar kroppsspråk, ordval, stemmeleie, forskjell på avleiing og rettleiing verkar å vere nøkkelen både i teori og empiri til å kunne kommunisere og arbeide med temaet barns seksualitet på ein god og hensiktsmessig måte.

I intervjuet kjem det også fram at dersom barn skal få mogelegheit til å bli trygge på eigen kropp, og eigne og andre sine grenser er vi naud til å gi barn kunnskap. Dette er også presisert i rammeplanen slik; “barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir medviten på sine eigne og andre sine grenser.” (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.49).

Aasland (2021, s.29) seier også at det er viktig at vi som omsorgspersonar og vaksne gir barn dei kunnskapane og den tryggleiken som er nødvendig for at barn skal utvikle ei sunn og god seksuell helse. Kornelia formulera seg slik;

“Det der med at det er den som kjenner de som forteller de, den trygge voksne som kanskje ikke er foreldre då, som forteller de, hva som er sunt og godt og trygt, hva som er reelt og ikke reelt, ikke realistisk.”

For barn i barnehagen kan det derfor verke viktig å møte trygge vaksne som fortel om alle delar av kroppen slik at dei kan utvikle eit språk og ein tryggleik rundt sin seksualitet. Spesielt i eit slikt tema som seksualitet synest det å vere viktig å ha god kommunikasjon då det i følge Aasland (2021) og Skarpsno (2021) ofte er assosiert med tabu og skam blant vaksne. Det verkar sentralt i både teori og empiri at dei tilsette samarbeida godt seg imellom og er samde over kva og korleis ein skal snakke om dette med barn. Slik som fleire av våre informantar har uttrykt; at det å ha ein open og ærleg dialog, ikkje berre med barna men også med sine medarbeidarar. Dette vil kunne skape ei kollektiv forståing av tema som vil vere svært nytte i arbeid med barn (Aasland, 2021, 90). Aasland (2021, s.90) legg også vidare til at dette vil bidra til at personalgruppa lettare kan snakke opent med kvarandre om korleis dei kan handtere ulike seksuelle uttrykk og leikar mellom barna, samt kva dei kan gjere når nokon mistenker at eit barn er utsatt for seksuelle overgrep.

